



Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Gota 16

6823 SANDANE

Dato
LEIKANGER, 13.05.2019

Gjeld kopi av søknad til KUD om investeringsmidlar til fellesmagasin i Angedalen. Oppfølging.

Vi viser til motteken kopi av søknad frå dykk til Kulturdepartementet, registrert inn hos oss høvesvis 7.3.2019 og 19.03.2019. Prosjektet er eitt av fleire som Musea i Sogn og Fjordane har i arbeid.

Vi viser til vedlagte notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet sitt møte 8.april 2019 der vi har laga ei oppsummering av det vi så langt kunne lese ut av dei ulike prosjektsøknadane. Vi viser også til fylkestinget sitt vedtak av 24.april 2019, særleg punkt 2 som har følgjande formulering:

«2. *Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringskostnadar, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.»*

Det tilsende materialet verkar bort i mot komplett. Med tanke på vidare oppfølging i fylkeskommunen, m.a. også avtalt møte 16.mai 2019, ber vi om ein formell søknad til fylkeskommunen der det også er klargjort korleis Musea i Sogn og Fjordane tenkjer å finansiere driftskostnadane ved fellesmagasinet.

Med helsing

Jan Heggheim
Fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
ass. fylkesdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Notat til fylkesutvalet 8.april frå fylkesrådmannen.

Mottakar (ar)

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane Gota 16 6823 SANDANE
Hovudutval for næring og kultur